



Referat frå elevrådsmøte 8-10, onsdag 12.11.25

Desse møtte i tillegg til elevrådskontakt Hilde:

8. trinn: Andreas og Frøya

9A: Nora og Eline

9B: Tina og Therese

10A: Dina og Dhalia

10B: Bernhard

Sak 1: Aktivitetar i matfri

Hallaktivitet: reglar for stikkbball er no gjennomgått i alle klassar. Elevrådsrepresentantane gir tilbakemelding om at det verkar å fungere bra i hallen no som alle er innforstått med dei felles reglane.

Elevkantina: ynskje om å spele bordtennis i elevkantina på kantinedagar.

Tilbakemelding frå klassane – kor mange ynskjer å nytte seg av ei slik ordning:

- 8. trinn: ingen elevar på trinnet ynskjer å nytte seg av eit slikt tilbod.
- 9A: Om lag halvparten av elevane kan tenkje seg å nytte eit slikt tilbod.
- 9B: Eit fleirtal i klassen ynskjer å nytte seg av eit slikt tilbod.
- 10A: ingen elevar i klassen ynskjer å nytte seg av eit slik tilbod. *Merknad: fleire elevar var sjuke/borte frå skulen då saka vart tatt opp.*
- 10B: Om lag 10 elevar ynskjer å nytte seg av eit slik tilbod. *Merknad: fleire elevar var sjuke/borte frå skulen då saka vart tatt opp.*

På 9. og 10. trinn kom det i tillegg opp innspel om at ein ynskjer moglegheit for å sitje i elevkantina (setje fram bord og stolar) på dagar det er kantinedagar. Dette vart ikkje drøfta på 8. trinn.

Vidare innspel frå klassane om korleis ein kan organisere dette på best mogleg måte:

Sidan det i første rekkje er interesse for bordtennis på 9. og 10. trinn, føreslår elevrådet at ein kan fordele dei to dagane mellom dei to trinna. Innspel frå klassane og drøfting i elevrådet peikar på at det burde vere mogleg å løyse speletid med ei køordning der ein rullerer etter ein t.d. har spelt om 5 poeng. Elevrådet presiserer at det må vere tydelege reglar kring dette.

Vidare drøfta elevrådet at ein i tillegg til å ha vaksne som har inspeksjon i elevkantina, kan gje noko ansvar til elevar ved å nytte elevvakter. Det kan til dømes vere elevrådsrepresentantane. Då vil det vere viktig med tydelege reglar som både elevvaktene og resten av elevane kjenner til.

Vidare arbeid i saka - elevkantina:

Hilde presenterer innspela elevane har kome med for lærarane – då også ynskje om å kunne sitje i elevkantina å ete på kantinedagar. Vidare vil elevrådet lage eit konkret forslag til rutinar/organisering og reglar. Sidan det går rakst mot jul med fagdagar m.m. og ein framover også skal arbeide med Helseveka (veke 6), har elevrådet ei målsetting om at ordninga skal komme i gang snarleg etter Helseveka.



Bibliotek (stillesone) i matfri: for dei som ynskjer å lese bøker og roe ned i matfri

Tilbakemelding frå klassane – kor mange elevar er interesserte i ei slik moglegheit:

- 8. trinn: 8 elevar var interesserte i eit slikt tilbod.
- 9A: 2-3 elevar var interesserte i eit slikt tilbod.
- 9B: Nokre få (maks 5) var interesserte i eit slik tilbod.
- 10. trinn: ingen elevar var interesserte.

Vidare arbeid i saka – bibliotek:

Hilde følgjer opp saka, i første omgang ved å drøfte moglegheita med Britt på biblioteket.

Sak 2: Saker frå klassane

Klassane kan komme med innspel til saker som dei ynskjer å ta opp i elevrådet.

- 8. trinn: Ingen saker.
- 9A: Ønske om å kunne vere oppe i amfiet i matfri.
 - Hilde følgjer opp ved å drøfte dette med lærarane på 8-10.
- 9B: Ingen saker ut over tillegget til saka i elevkantina – ynskjer moglegheit for å kunne sitje i elevkantina på kantinedagar.
- 10A: Ingen saker.
- 10B: Ingen saker ut over tillegget til saka i elevkantina – ynskjer moglegheit for å kunne sitje i elevkantina på kantinedagar.

Beste helsing

Frøya
Referent

Hilde Sognnæs Strandos
Vikarierende elevrådskontakt 8-10